

VELKOMEN TIL ÅRSMØTE 2026

NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE

I tråd med vedtektene til Naturvernforbundet kallar vi med dette inn til årsmøte.

Tid: **Søndag 22. mars 2026, Årsmøte 13:00-15:30, mat og program 15:30-17:30**

Stad: **Nordfjord Folkemuseum, Gota 16, 6823 Sandane**

Årsmøtet er det høgaste organet i Naturvernforbundet SFJ. Alle medlem er velkomne til møtet, men berre valte delegatar har stemmerett.

Program: Vi startar med å halde årsmøtet, så ein matpause før det blir innlegg med nestleiar i Naturvernforbundet, Helene Ødven og til slutt samtalar og idémyldring med frivilligheitsfokus. Detaljert program vert publisert på nettsida, seinast to veker før årsmøtet. Lenke til nettside: [Årsmøte 22. mars](#)

Det vert servert eit vegetarmåltid til alle **påmeldte** deltakarar. Hugs påmelding innan fristen så vi har tid til å gi kjøkkenet beskjed om kor mange vi er.

Sakliste

På årsmøtet skal vi handsame følgjande saker:

1. Val av ordstyrar, møteleiar, referent og 2 protokollunderskrivarar
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Årsmelding frå styret 2025
4. Rekneskap 2025
5. Budsjett for 2026
6. Aktivitetsplan 2026
7. Innmeldte saker
8. Val

Fristar

Forslag til sakliste og påmelding skal sendast på e-post til styreleiar Hanna Lie Bakken, sognogfjordane@naturvernforbundet.no

- Frist for å melde inn saker til behandling på årsmøtet er **9. mars 2026**.
- Frist for påmelding til matsservering: **torsdag 19. mars**

I e-posten ber vi deg opplyse om:

- fornamn og etternamn
- eventuelle matallergiar og preferansar (vi serverer vegetarisk mat)
- om du er utsending frå eit lokallag - og i så fall kva lokallag

Vi gler oss til å sjå deg på årsmøtet!

Miljøvenleg helsing

Hanna Lie Bakken

leiar, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

sognogfjordane@naturvernforbundet.no

tlf: +47 91374954



Naturvernforbundet

Sogn og Fjordane